

**Vedtak**

1. Kommunestyret tek moglegheitsstudien til vitande. Kommunestyret meiner at studien gjev gode innspel til det vidare planarbeidet for E39 Stord-Os med tverrsamband.
2. Kommunestyret ser det som uaktuelt å bygga nye ferjestø i Buvika/Kvednaneset-området, og ynskjer ikkje vidare utgreiing av dette alternativet.
3. Stord kommune ynskjer å arbeida for meir miljøvennlege og raskare ferjer på strekninga Stord - Kvinnherad.
4. KST meiner at moglegheitsstudien må inkludere eit framtidig samband mellom Skorpo på Tysnes og Kvinnherad
5. Kryssing av E39 over Langenuen etter det sørligaste alternativet vil kunna gi den beste regionale effekten for Sunnhordland. Spesielt vil ein då peika på moglegheiter for ein framtidig ferjefri / ferjestø tilknyting av Kvinnherad mot E39 over Huglo/ Tysnes.

**Handsaming**

Pkt 1-3 Samrøystes

Pkt 4 og 5 Vedteke med 22 mot 9 (H og Will. Englesen, Ap)

\*\*\*\*\*

Leif-Steinar Alfsvåg, Krf kom med framlegg til eit nytt pkt 4 slik det ligg føre i vedtaket.

Sigbjørn Framnes, Frp kom med framlegg til eit nytt pkt 5 slik det ligg føre i vedtaket.